



SV og Venstre saman om Festidalen: Jostein Grov (til høgre) og Morten Vevatne markerer eit godt tverrpolitisk samarbeid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Gode føremål stimulerar ofte til innsats på tvers av tradisjonelle skiljelinjer – også politiske!
Det er Festidalen eit døme på.**

uskedalen.no registrerte tysdag ettermiddag at to framståande Kvinnherad-politikarar var saman om å gjera ein dugnadsinnsats for rockefestivalen fredag og laurdag. Dei to var Morten Vevatne og Jostein Grov.

- Før hadde Høgre og Sosialistisk Venstreparti eit godt samarbeid og no er det Venstre og Sosialistisk Venstreparti som har det, kommenterte Jostein og la ermet rundt Morten. SV-politikaren sikta sjølvsgagt til at politikar-kollegaen nyleg skifta parti som eit resultat av hurlumheien i Høgre.

Morten sit i festival-leiinga, medan Jostein er ein "vanleg" friviljug som tek eit tak der det trengs. Han var med i friviljugstaben første gong i fjor og avviste kontant at engasjementet har nokon samanheng med valkampen som er i gang.

- Jostein er ein unik friviljug, ein enorm drivkraft! Denne attesten var det ein annan i festival-leiinga, blestansvarleg Daidalos Dahle som kom med medan Jostein var i gang med monteringa av sponsorteltet saman med sonen Bård og Gjermund Fredheim.

Sjølv om gledeleg mange stiller opp utan å vera spurde, gjorde Daidalos det klart at dei aldri kan få nok friviljuge til eit arrangement som dette. I fjor var det 120 som tok eit tak - i år er det behov for fleire. Så langt er 102 registrert. Det er til dømes trong for fleire ikkje berre til rigginga som no går føre seg og vaktinnsats laurdag men også til nedrigginga som startar søndag morgon.

Men leiinga har sett eit tak på 2.000 besøkjande og dimensjonert staben sin etter det. - Fleire slepp ikkje inn, seier Daidalos og legg til at det ikkje minst med tryggleiken å gjera, Den legg Festidalen-leiinga svært stor vekt på.

Hvis det kjem 2.000, noko leiinga har god tru på, hamnar dei avgjort på den rette sida økonomisk. Dei har budsjettert med 1.400

Tysdag ettermiddag var altså sponsorteltet (det første i Festivalen si fem år lange historie) i ferd med å bli reist. Det store teltet "backstage" der muskarane skal slappe av mellom slaga var allereie på plass. Men til dette tek dei framleis i mot fleire brukte møblar – både sofaer, bord og godstolar..

- Med sjølve rigginga ligg vi betre an no enn det som har vore vanleg, opplyste Daidalos.

- Korleis ser dykk på konkurransen med festivalen på Askøy?

- Vi har eit godt samarbeid med den og ser ikkje på dei som konkurrentar. Vi kjempar ikkje om den same marknaden, Festidalen satsar primært lokalt. Men vi veit samstundes at det også kjem ein god del publikum frå Bergensområdet hit, svara den blestansvarlege.

Av Ola Matti Mathisen



Far og son Jostein og Bård Grov i gang med å montera sponsorteltet. (Foto: Ola Matti Mathisen)